

NOTAT

Til: Styret

Dato: 05.05.17

Frå: Dagl. Leiar

Vedk.: Nytt takst- og rabattregulativ.

I brev dags. 12.05.16 frå Statens vegvesen er styret gjort kjent med innføring av nytt takst- og rabattregulativ for bompengeneinnkrevinga i landet. Formålet er å få ei meir einsarta og forenkla innkreving med like rabattar over heile landet. Som vil bety at pendlarar og turistar vert likestilt. I brevet står det m.a. *«I følge proposisjonen ser en for seg at omlegging av takst- og rabattsystemet for eksisterende prosjekt blir sett i sammenheng med gjennomføring av ny organisering av bompengesektoren og etablering av regionale bompengeselskap.»*. Og vidare står det i brevet *«Proessen frem mot omlegging av takst- og rabattsystemet vil vere at Statens vegvesen ved dette brevet ber styrene i bompengeselskapene gjøre vedtak om at prosjektet/pakken skal ta i bruk det nye takst- og rabattsystemet.»*

Styret handsama saka i møte den 22.06.16 og gjorde slikt vedtak: *«Styret i Hardangerbrua AS vil gå i dialog med Statens vegvesen før styret tek endeleg stilling til nytt takstsystem.»* Vedtaket vart meddelt Statens vegvesen, men samtale omkring temaet er ikkje gjennomført sålangt.

Nytt brev dags. 01.08. frå regionvegkontoret til alle igangsette prosjekt i region vest med generell informasjon om omlegginga. Det vil vera opp til det enkelte selskap om ein vil knytta seg til den nye ordninga.

Styret handsama saka på ny i møte den 26.08.16 og gjorde slikt vedtak: *«Vedtak: Saka vert utsett til det føreligg eit konkret forslag til nytt takstsystem.»*

Epost dags. 03.08.16 med informasjon om framdrift i prosessen, og spørsmål om årsmelding/rekneskap. Ny epost 08.10. med meir avklaringar. Den 31.10. ny epost med vedlegg, som er ein analyse for nye takstar for brua.

På nytt møte den 09.12.16 vart saka følgt opp med slikt vedtak: *«Vedtak: Styret tilrår eigarane å venta med å ta stilling til nytt takst- og rabattsystem inntil Hardangerbrua AS går inn i det regionale selskapet.»*

Dette i tråd med det som står i proposisjonen. Vedtaket vart sendt SV og eigarane for orientering.

I denne samanheng vil vi og opplysa om at vi og har søkt Staten om kompensasjonsmidlar for å redusera bompengesatsane på brua. Ein av forutsetningane for det, er at



HARDANGERBRUA
www.hardangerbrua.no

Hardangerbrua vert lagt inn under det regionale selskapet. Ei anna føresetnad er at satsane skal reduserast med 10 %.

No er vi kjent med at saka er sendt ut til kommunane til «*lokalpolitisk handsaming*» der også nye takstar er føreslegne. Det stiller styret seg noko undrande til. Vi har forstått det slik at når vi har ansvaret for å nedbetale gjelda på brua, så vil også forslag til takstar vera eit styreansvar. Det vanlege er at styret føreslår takstar som så blir sendt regionvegkontoret, berørte kommunar og tilslutt vegdirektoratet for godkjenning. Det var dette vi meinte det nye styret i det regionale selskapet skulle ta stilling til.

Når saka no likevel er sendt ut på høyring vil styret kommentera følgjande: Ein grunnleggjande føresetnad for det nye takst- og rabattregulativet er at selskapa sine samla inntekter ikkje skal endrast. Det er eit komplisert reknestykke å rekna ut nye takstar for å oppnå dette. I den samanheng vil vi visa til Conceptrapport nr. 49 frå NTNU som meiner reduksjon av bompengesatsane på brua vil kunna auka dei totale inntektene. Når det gjeld satsane vegvesenet føreslår, meiner styret desse vil slå negativt ut for Hardangerbrua, og at trafikkreduksjon på grunn av høgare satsar ikkje er teke nok hensyn til. Dei som i dag har betalt full pris vil sjølvsagt vera fornøygde med prisreduksjon. Men dei som har hatt 50 % rabatt, og no må opp i pris vil nok sjå seg om etter alternative ruter. Spesielt for tungtrafikken vil det slå uheldig ut.